

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/15	Levekårsutvalet	PS	21.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Anne Wergeland	15/1764

**Søknad frå elevar i Åsheimkrinsen om å få halda fram på Kaland barne- og ungdomsskule**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

På grunnlag av praksis dei siste åra, rår rådmannen til at søknadane for dei fire elevane vert stetta.

### **Levekårsutvalet - 040/15**

#### **LE - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### **LE - vedtak:**

På grunnlag av praksis dei siste åra, rår rådmannen til at søknadane for dei fire elevane vert stetta.

#### **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

## **Bakgrunn:**

Lindås og Austrheim kommune har avtale om at elevar busett i tidlegare Åsheim skulekrins i Lindås, kan gå barneskulen på Kaland skule i Austrheim kommune. Kostnadane for Lindås kommune er elevsats (25.000kr pr elev), spesialundervisning og skyss etter gjeldande reglar for skuleskyss. Når elevane skal over i ungdomsskulen, er Lindås ungdomsskule å rekna som heimeskulen. Etter søknad kan det vurderast plass på Kaland også på ungdomsskulen. Praksis har vore at dei som ynskjer å halda fram på Kaland, har fått høve til det. Det har vore ulikt frå år til år om det er kome søknadar eller ikkje. Elevar på ungdomssteget har ikkje rett til fri skuleskyss til Kaland (mindre avstand enn 4km). Til Lindås ungdomsskule vil elevar frå tidlegare Åsheim skulekrins få fri skyss.

## **Lovgrunnlag:**

### **Opplæringslova § 8-1. Skolen**

*Grunnskoleelevarne har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første ledd bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen.*

*Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til
- b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning
- c) varigheita på avtalen
- d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og
- e) anna som etter lov krev avtale.

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

*Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.*

## **Vurdering**

Det ligg føre fire søknadar om framhald på ungdomsskulen på Kaland skule. Alle søknadane er grunngjevne med bustad i tidlegare Åsheim skulekrins, og at elevane sjølv ynskjer å halda fram på Kaland skule.

På grunnlag av endringar i opplæringslova §8-1 i 2013, kan to eller fleire kommunar avtale at eit område i ein kommune soknar til ein skule i nabokommunen. Dette var ikkje lovfesta den gongen Lindås og Austrheim gjorde avtale om elevane i tidlegare Åsheim skulekrins.

Begge kommunane har no eit ynskje om å revidere avtalen og lage ny avtale i tråd med dei krava som vert stilt til dette i § 8-1. Rådmannen vil ta initiativ til dette samarbeidet i løpet av hausten 2015.

Austrheim kommune har i tillegg no på høyring om kommunen skal vidareføre to ungdomsskuletilbod (Kaland og Årås) eller om desse to skal slås saman.

Dette til saman gjer at rådmannen no rår til ei vidareføring av tidlegare praksis for dei fire elevane som har søkt i år. Seinare praksis vil bli i tråd med ny avtale mellom Austrheim og Lindås kommune.

